



Referat møte Sykkylven sokneråd

Tid: 03.03 kl 18.30 - 21.30

Stad: Kyrkjosal 1, Sykkylven kyrkje

Mat : Georgia

Åpning: Eli Cesilie Myrene

Sak 11/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

- einstemmig godkjent, omrokking av sakliste

Sak 12/26 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 03.02.

- einstemmig godkjent

Sak 13/26 ÅRSMELDING: Førebuing til årsmøtet 21/4:

- Vi snakka om kva vi ville fokusere på i årsmeldinga. Nokre ting:
- Olav Strømme sitt gode bidrag! Kva er det å "jobbe for Guds rike", og korleis kan aktivitet i kyrkja måles? (Til dømes i meir vaskejobb!).
- Det skjer veldig mykje, god aktivitet i kyrkja vår! Fint at det er til alle aldersgrupper og ulike typer menneske.
- Vi er heilt avhengige av frivillige medarbeidarar. Det trengs nok å "opparbeide" ein heilt ny generasjon, då det tynnes litt i rekkene av dei yngre i kyrkjelyden. Høg snittalder blant kyrkjegjengarar og frivillige.
- Veldig gledeleg med så stabile tal for deltakarar på gudstenester nattverd, osv. Dette viser at det jobbes godt både frå stab og frivillige!
- Det var eit ønske frå soknerådet om kortare innsendte bidrag frå staben. Samstundes eit krav til å "få med alt" og å skildre godt, så eit vanskeleg dilemma.
- Dessutan kan dei gode rapportane brukas til visitasen, så godt med alt arbeide som alt er gjort.
- Ønskeleg med sidenummer på den digitale utgåva og papirutgåva
- Til evt tilbakemeldingar, og særskilt om enkeltfrivillige, så bør ein ta det riktig veg: Ikkje direkte med den frivillige helst, men hos den ansvarlege for "aktiviteten", t.d. snakke med Jonas om det gjeld gudstenesta, med Kathrin om trusopplæring osv. Då er det lettare å finne ut hva som er berettiga, konstruktiv kritikk, og kva som er slik det skal vere.
- **Jonas** vil snakke om det å vere frivillig, og korleis ein evt kan gi tilbakemeldingar på det, på Frivilligfesten og på årsmøtet.
- Vanskeleg for eit heilt råd å finne alle fokus-område til ein presentasjon. Derfor får **Eli Cesilie og Therese UA** fullmakt til å arbeide med dette, i samråd med leiar May Lisbeth, fram til årsmøtet.
- Soknerådet er klar over at ein må arbeide vidare med særleg Plan for diakoni, og plan for Kirkeleg plan for undervisning og læring, særskilt fram til visitasen. Vi tek det opp neste møte, under visitas-saka.

Sak 14/26 ÅRSMØTE

A. **Tid:** Soknerådet vil prioritere ein dag både prest og soknerådsleiar kan. I følge tidlegare vedtak skulle ein i år prøve å skilje Frivilligfesten og årsmøtet.

- Av praktiske grunnar blir årsmøtet **tirsdag 21. april, kl 17.00-19.00**. Kl 17.00-17.30 blir det kaffi og prat. Sjølv årsmøtet kl 17.30-19.00.
- OBS! Innkalling minst 3 veker før, altså seinast tirsdag 31.mars.



- Frist for å sende inn saker til årsmøtet, blir 14 dager før møtet: 7. april. (Dette må også stå i innkallinga).
- B. **Innhald og form:** Eit enkelt og reindyrka årsmøte: Kort presentasjon av årsmeldinga. Så spørsmål og evt innsendte saker.
- C. **Ansvarsfordeling:**
 - Arild sender innkalling til årsmøte
 - Therese UA: ordner marsipankake og anna kake.
 - Therese UA ordstyrer.
 - Arild kyrkjeverge legg fram økonomi.
 - Eli og Kari set på kaffi.
 - Vi spør om May Lisbeth vil legge fram årsmeldinga

Sak 04/26 DATOPLAN 2026 (oppfølging)

a. Årsmøte, 21. april sjå sak 14/26

- Vi vil ha eit kortare soknerådsmøte same kveld, altså kl 19.00-ca 20.30. Då fokus på Jonas sin sak om bispevisitas og soknerådets medverknad).

b. Aksjonen "Sammen som kirke i hele verden" 07.06.26

Den som ønsker vere med, melder seg til May Lisbeth

Dette er for å sette misjonsavtale på agendaen.

Det har kome oppfordring frå sentralt i SMM og bispedøme til alle kyrkjelydar og org om å være Saman som kyrkje i heile verda gjennom aksjonen som foregår nasjonalt mellom Kristi Himmelfartsdag og ST Hans Misjonsgruppe har tatt kontakt og sagt dei gjerne vil stirikke litt

c. Frivilligfest 12/3:

- Arbeidsgruppe (Arild, May L, Leif, Kristin diakon) har kontroll
- Therese UA spør om arbeidsgruppa treng hjelp.

d. Bispevisitas veke 49, 2026:

Kva er soknerådet sitt ansvar/oppgåver denne veka og i forkant?

- Jonas prest har hatt møte med prosten. Han vil informere soknerådet på møtet 21/4, og vi fordeler då oppgåver. Vi vil også halde kontakten på mail, og delegere utover oppgåver der. (Den som oppdager ein felles-mail, sender chat-beskjed om mail). Slik prøver vi å få gjort litt langsmed, mellom møta.

Sak 05/26 Offerliste og evt. endringar

Viser til innkomen søknad frå Helge Standal. Dette går til same organisasjon, men ellers uavhengig av formålet som Kathrin søkte om. Offerlista for første halvdel 2026 er alt vedteken. Søknaden ber om midlar til hausten. Therese UA ber Standal minne oss på søknaden når haustens offers skal handsamast. Arild og soknerådsleiar må hugse å ta med denne søknaden til hausten.

Taushetsplikt underskriving vara: Utsett til neste møte. Therese UA spør Arild om å legge/lage klart til møtet 21/4).

Eventuelt: Ingen saker. NB! Neste SR møte: 21.04.2026